

Maksklubben 2014

Året som gjekk har vore eit godt maksklubb år. Me samlar born frå 4-7klasse annankvar tysdag rett etter skuletid. Fast på programmet er ein matbit i starten, song, andakt og aktivitetar. Når me samlast i kyrkjelydsenteret har med hobbyaktivitetar og leikar, eit par gonger i semesteret har me og brukt Lindås Hallen og hatt "allidrett".

Hildegunn, Cathrine Teamjenter og Solveig frå NLM ung har hatt andakt på 5 møter tilsaman, me har og hatt andre som har hatt andakt og møter resten av møta har leiarane hatt andakt sjølv. De er ein veldig god gjeng som kjem og dei har mykje bibelkunnskap, sjølv sagt i varierende grad.

Me syns det er kjekt at me har fått meir innspel på nye songar NLM ung, det treng me. Me skulle og gjerne hatt eit arbeid for aldersgruppa over slik at me kunne sendt ungane vidare i neste arbeid etter maksklubb, men ser ikkje heilt korleis det skal komma.

I vår som alle andre år arrangerte me maksklubb-basar der inntekta gjekk til barnas misjonsprosjekt. Borna er veldig engasjerte i loddsal men det viser seg vanskelig å få dei til å komma på sjølve basaren som er på kveldstid fredag. Me ser uansett verdien i det engasjementet som er. I tillegg så samlar basaren ein fin gjeng med bygdefolk ein sjeldan ser i slike samanhengar elles, og ein god slump med pengar til misjonen.

Me har ikkje planlagt store endringar i opplegget for 2015. Det blir 8 møter no i vårsemesteret der me fokuserer tema frå Tweensbibelen med delte ut før jul i 2014. Vårt håp for Maksklubben er at ungane kan bli sett av oss leiarar, og at dei kan få møta Jesus.